

bolig og interiør



FØR: Kontoret var mørkt og ikke spesielt tiltalende. Anne Marie Svardal inspiserte kontoret og snakka med kontoreigaren for ho la planane for oppussinga.



ETTER: Med ansiktsløftinga framstår kontoret som

Forvandla kontor med mål

FLORØ: Med utgangspunkt i ei raud VW-boble vart kontoret forvandla frå mørkt og upraktisk til friskt og moderne i regi av Florø Interiør.

LINDA REGINA BRUVIK
linda.bruvik@firdaposten.no

Då marknadssjef i Firdaposten, Sander Ødelien, ville pusse opp kontoret sitt, tok han kontakt med fagfolk for å få hjelp.

Anne Marie Svardal frå Florø Interiør stilte villig opp, og i samråd med Ødelien planla ho ei total ansiktsløfting av det gamle kontoret hos Firdaposten på Evja.

Kjærleik til bil

Når ein skal pusse opp eit rom, er det lurt å planleggje nøyte på førehand, både far-

gar, stil og møblering. Ein kan gjerne basere forvandlinga på detaljar, form eller fargar i eit spesielt bilde, eit teppe eller eit møbel, og planleggje alt ut frå det.

– Utgangspunktet mitt når eg skulle gjere om dette kontoret, var kontoreigaren sin kjærleik til bilar, fortel Anne Marie Svardal.

Raudt

Modellbilane som stod på rekke og rad i vindaugskarmen på kontoret var utgangspunktet, saman med eit foto av Ødelien si raud VW-veteranboble. Denne raudfargen vart også gjennomgangsfargen.

– Eitt av poenga var å samle bilane, slik at dei ikkje berre støva ned i vindauget. Eit anna poeng var at vi ville prøve ut fototapet, som er på full fart inn att i trendbiletet, fortel Svardal.

Difor vart det bestilt fototapet med veteranbobla som

motiv, og passande raude glasskap til modellbilane.

Måling gjer mykje

Kontoret var ganske mørkt, og Svardal ville måle veggene for å lyse opp.

Eggekvit vart fargen, og veggene vart sparkla og grunna for rommet vart måla på dugnad.

– Ein skråvegg vart tapetsert med eit svart og kvitt tapet, for å bryte opp alt det kvite. Og lister og vindaugskarmar vart måla i same kvitfarge som veggene, men i høgglans. Det gjev ein fin effekt å blande matt og glans, fortel Svardal.

Overhaling

Møblane som stod på kontoret frå før av fekk ei overhaling.

Møtebordet vart nytt med svart høgglansmåling, og sete og rygg på dei tilhøyrande stolane vart raud.

Små interiørartiklar som

lysestakar og vaser i svart og raudt og nye svarte rammer på bileta på veggene, vart prikken over i'en.

– Når veggene er så lyse, og der er mykje kvitt, så gjer det seg med nokre raude fargeklattar i rommet, seier Svardal.

Totalforandring

Forandringa vart total.

– Vi ville omskape rommet på billegast mogleg måte, og difor har vi brukt opp alt det som kunne brukast av møblar. Dette er eit godt eksempel på at det skal lite til for å skape total forandring. Berre det å måle veggene gjer mykje, seier Svardal.

Oppussinga kom totalt på om lag 10 000 kroner.

Kontoreigaren sjølv er veldig nøgd med resultatet.

– Det vart kjempeflott! Det er utruleg kor stor forandring berre litt måling kan gjere. Eg er imponert over resultatet, seier Ødelien.



NØGD: Marknadssjef i Firdaposten, Sander Ødelien, er veldig nøgd med det nye kontoret sitt.



RAUDT: Bobla og raudfargen gjer heile interiøret.



moderne, funksjonelt og friskt, og ikke minst personleg.

Alle foto: Linda Regina Bruvik

ing og tapet

FORVANDLINGA

■ Forbehandling

Hol/sår i vegger og på møblar vart sparkla, og alt vart grunna med Baronesse heftgrunning. Bord og stolar vart matta ned med sandpapir for grunning. Spora/fugene mellom veggplatene vart fylte i med akryl, for å lage jamt underlag for tapeten.

■ Måling

Veggfarge: 1001 Eggehvít, Latex Home 360. Matt. Dør/listverk/vindaug: 1001 Eggehvít, Quick Emalj. Høgglass. Stolar (sete og rygg): Baronesse grunning, to strøk med RAL 3002 (raudfargen Karminrot) i høgglass. Bord: Baronesse heftgrunning, svart Quick emalje i høgglass.

■ Tapet

Skråvegg: Tapetet «Front» frá J.O.B. Fototapet: Produsert av Storeys. Foto av Dag Frøyen. Motiv: Sander Ødelien sin bil.

■ Møblar

Eksisterande kontormøblar vart brukt. Bord, stolar og eit lite hjørnebord vart måla. Ein del av skrivebordet vart fjerna. Det vart laga ei ny hylle av Mdf-plater. Glasskáp til bilane vart kjøpt inn frá Ikea.

■ Interiørartiklar

Messingrammer vart bytt ut med enkle svarte rammer. Gardinene vart fjerna. Telysestarar i raud emalje, rauda lyster, eit stålfat, svarte vasar og kubbelys formar heilskapen i interiøret, saman med modellbilane.

■ Fototapet

Florø Interiør har avtale med tapetprodusenten Storeys, som produserer fototapet. Kunder kan bestille tapet av eigne foto, leveringstid er ca. halvanna veke. Tapetet vert levert som ordinær tapet på rull og må kuttast opp i remser og setjast saman att på veggen. Den kostar 530 kroner pr. kvadratmeter. På Sander Ødelien sitt kontor er fototapetet på 5 m², og kostar kr 2650.

■ Pris

Totalprisen på det nye kontoret vart om lag 10.000 kroner. Det inkluderar fototapet, glasskáp, hylle, punt/interiørartiklar, bilderammer, måling, sparkel m.m. Arbeidet er ikkje inkludert i prisen.



MÅLING: Stolseta vart demonterte, pussa, grunna og måla med høgglassmåling. Foto: Bodil S. Haarkla



TAPET: Knut Eimhjellen og Anne Marie Svardal skal tapetsera det spesialbestilte fototapetet av Sander Ødelien si boble, fotografert av Dag Frøyen.

Kvalitet til faste lavpriser

Coop sitt eget kvalitetsmerke

KELLEN

5 års garanti



Kapp gjær sliss inkl. stativ

3090,-

ALT i maling og tilbehør

Eneste forhandler av Butinox kvalitetsmaling i Florø. BEST I TEST!



Vi blander alle farger



LAVPRIS trådkurv

198,-

Presenning

Fra kr.

25,-

Alltid billige hobbyplater fra

Infra akryl fugemasse 0,3l hvít

39,-

29,-

Peiskos!

Kvalitetsover til priser som varmer



- Wiking
- Åsgaard
- Dovre

coop byggmix

3 % kjøpeutbytte

Lindheimv. 1, Florø. Tlf. 57 74 59 82

SVANE EXCELLENT

vår aller beste fjærmadrass

Svane Excellent er vår aller beste fjærmadrass. Under det elegante bolsteret finnes unike kvalitetser som Svane er helt alene om, nemlig PluraSone og DuoSystem. En virkelig god madrass kjennes på det perfekte samspillet mellom bestanddelene. Spesielt viktig er det at det avanserte fjærsystemet kommer til sin fulle rett. Dette er en av grunnene til at Svane Excellent har delig myk bomullstretch på liggefalten. Velger du kontinentalmadrass, får du i tillegg FlexSystem, der Ekoflexfjærer i rammen og færre lag med tekstiler mellom madrassene gir enda bedre fjæringskomfort.




150x200: Kr 10990,-
180x200: Kr 11990,-

Velg møbeltrekk i flere farger kr. 1290,-

EKORNES

SVANE CLASSIC KONTINENTALSENG

Svane Classics utrolige popularitet skyldes høy kvalitet, det unike DuoSystemet, soneinddelte LFK-fjærer og mykthetsgrader som de fleste trives godt med. LFK-fjærene og stopningen i Svane Classic er de beste som kan skaffes. Svane Classic er den fasteste av Svane-madrassene. Velger du kontinentalmadrass, får du i tillegg FlexSystem, der Ekoflexfjærer i rammen og færre lag med tekstiler mellom madrassene gir enda bedre fjæringskomfort. Svane classic kontinentalseng.



150x200: Kr 8990,-
180x200: Kr 9990,-

FlexSystem - det mest komplette liggesystemet du kan få. Systemet har færre lag med tekstiler mellom madrassene og Ekoflexfjærer i rammen som gir enda bedre fjæringskomfort. Komfort, funksjon og design i en sammenheng.

Kvartalet Møbler as

Markegt. 31, Florø Tlf. 57 74 92 20 www.kvartalet.com